

ÅRSMELDING 2023

KONTROLLUTVALET I LOM KOMMUNE

Innhald

Innleiing

Kontrollutvalet

- Ansvar og mynde

- Samansetning

- Møter og saker

- Sekretariat for kontrollutvalet

- Revisjonsordning

- Økonomi for kontroll og revisjon

Kontrollutvalets aktivitet

- Kontrollutvalets oppgåver

- Kontrollutvalets "verktøykasse"

- Orienteringar

- Fylgje opp tilsyn

- Verksemdsbesøk

- Henvendingar

- Regnskapsrevisjon

- Oppfølging av revisjonen

- Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

- Forvaltningsrevisjon

- Eigarskapskontroll

- Oppfølging av revisjonsvedtak

- Oppfølging av politiske vedtak

- Høyring

Årsmeldinga er vedteke av kontrollutvalet 26. februar 2024

Innleiing

Kontrollutvalets rapportering til kommunestyret skjer i form av denne årsmelding, jmf. kommuneloven § 23-5:

Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga gjeld året 2023 og gjev oversikt over kontrollutvalets arbeid. Protokollar frå utvalets møter blir løpande oversendt kommunestyret til orientering.

Referanser til lovtekst viser til kommuneloven (K) og forskrift for kontrollutvalg og revisjon (F), og referert slik at lovtekst som gjeld berre fylkeskommune er tatt ut. Referanser til saksnummer gjeld kontrollutvalets saksnummer.

Kontrollutvalet

Ansvar og mynde


Kommunestyret har det øverste ansvaret for å kontrollere kommunens virksomhet. (K § 22-1)

Kommunestyret velger selv et kontrollutvalg som skal føre løpende kontroll på deres vegne. (K § 23-1)

Kontrollutvalgets leder har møte- og talerett i kommunestyret når utvalgets saker skal behandles. Utvalgets leder kan la ett av de andre medlemmene i utvalget utøve denne retten på sine vegne. (K § 23-2)

Kontrollutvalget kan ikke overprøve politiske prioriteringer som er foretatt av kommunens folkevalgte organer eller andre kommunale organer. (F § 1)

Kommunal egenkontroll – aktørene



Kontrollutvalet utfører sine oppgaver på vegne av kommunestyret og har som mål å bidra til at innbyggerne har tillit til kommunens egenkontroll, jmf. kommuneloven kap. 7.

Kontrollutvalet utfører sitt ansvar etter kommuneloven § 23 og Forskrift om kontrollutvalg og revisjon. Utvalet har ikkje mynde til å fatte enkeltvedtak og er ikkje noko klageorgan for forvaltningsvedtak.

Samansetning

Kommunestyret velger selv en leder, en nestleder og øvrige medlemmer og varamedlemmer til utvalget. Lederen kan ikke være medlem av samme parti eller tilhøre samme gruppe som ordføreren. Utvalget skal ha minst fem medlemmer. Minst ett medlem skal velges blant kommunestyrets medlemmer. (K § 23-1)

Periode 2019-23

<u>Faste medlemmar</u>	<u>Varamedlemmer i rekkefylgje</u>
Magny Hilde, LL (leiar)	1. Bård Hanem, LL
Terje Odde, AP (nestleiar)	2. Tove Johanne Stamstad, LL
Jan Erik Husom, BL	3. Harald Onsum Berg, AP
Arnstein Rusten, SP	
Kari Opsahl, LL	

Arnstein Rusten er valgt blant kommunestyrets medlemmer.

Periode 2023-27

<u>Faste medlemmer frå 17.10.2023</u>	<u>Varamedlemmer i rekkefylgje</u>
Marit Sletten, SP (leiar)	1. Anne Regine Galde, uavh
Terje Odde, AP (nestleiar)	2. Bård Hanem, LL
Tove Johanne Stamstad, LL	3. Arne Bergon, AP
Kristine Flittie Romslo, SP	
Øystein Skarseth, TL	

Marit Sletten er valgt blant kommunestyrets medlemmer.

1 deltok på nasjonale fagkonferanser for kontrollutval i 2023. Dette er viktige arena for kompetanseheving og for å være oppdatert på risikobildet.

Nytt utval inkl. varamedlemmer har hatt opplæring om utvalets ansvar, rolle og oppgåver.

Møter og saker

Møtet skal kunngjøres på en hensiktsmessig måte og innkalling sendes utvalgets medlemmer, ordfører og kommunens oppdragsansvarlig(e) revisor(er). (F § 6)

Innkalling og sakspapir blir sendt ut digitalt seinast ei veke før møtet. Kopi av innkalling blir sendt utvalets varamedlemmer, ordfører, kommunedirektør og revisor. Innkalling og møteprotokoll er offentleggjort (jamfør K § 11) på sekretariatets heimeside, www.nord-gudbrandsdal.no/SKNG

Alle møter er gjennomført som planlagt og med fysisk oppmøte. I samsvar med kommunelovens § 11 er møtene opne.

Ordførar og revisor har møte- og talerett etter kommuneloven. Ordførar har ikkje delteke på noko møte i år. Revisjonen har delteke på 4 møter. Kommuneleiinga har vore invitert og delteke på 2 møter.

Utvalet har i 2023 hatt 5 møter og handsama 23 saker.

10. februar

Årsrapport/avregning 2022 fra IRev
Uavhengighetserklæringer fra Irev
Kommunebilde 2022
Årsmelding 2022 for kontrollutvalget
Forvaltningsrevisjon datasikkerhet i skolene - foranalyse
Forvaltningsrevisjonsrapport - Helsesamarbeid NGLMS
Revisjon av NGR

2. mai

Orienteringar
Kommuna sin årsrekneskap og årsmelding for 2022

16. juni

Foranalyse om revisjon av NGR
Foranalyse om revisjon av IKT-tryggleik
Protokoll og orienteringar

9. oktober

Prosjektplan - Eigarskapskontroll/forvaltningsrevisjon NGR
Prosjektplan - Forvaltningsrevisjon IKT-tryggleik
Protokoll og orienteringar
Oppdragsavtale 2024 med IRev
Budsjettforslag 2024 for kontrollutvalet
Evaluering av kontrollutvalets arbeid
Risiko- og vesentlegvurdering

27. november

Forenkla etterlevelseskontroll på økonomiområdet
Uavhengighetserklæring frå regnskapsrevisor
Overordna revisjonsstrategi for 2023
Protokoll og orienteringar

Sekretariat for kontrollutvalet

Kommunestyret og fylkestinget skal sørge for at kontrollutvalget får sekretariatsbistand som tilfredsstillir utvalgets behov.

Sekretariatet skal påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt.

Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens administrasjon og av den eller dem som utfører revisjon for kommunen.

Den som utfører sekretariatsoppgaver for kontrollutvalget, er direkte underordnet kontrollutvalget og skal følge de retningslinjer og pålegg som utvalget gir. (K § 23-7)

Dei seks kommunene Skjåk, Lom, Vågå, Sel, Dovre og Lesja har valgt eit felles sekretariat for kontrollutvala, Sekretariatet for Kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdal (SKNG). Sel kommune er kontorkommune. Sekretariatet har kontor på HUB Otta.

Styret er leiarane i dei seks kontrollutvala med respektive nestleiarar som sin varamedlem. Magny Hilde (Lom) har vore leiar og Odd Leif Angård (Dovre) nestleiar.

Styret har hatt 5 møter og handsama 19 saker. Protokoll blir sendt til kommunene.

Omdanning av SKNG er ei sak som har tatt mykje tid og fokus dette året.

I juni vedtok kommunestyret i alle deltakarkommunene:

- Som fylgje av ny kommunelov blir Sekretariatet for kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdal (SKNG) omdanna frå § 27-samarbeid etter tidligare kommunelov til kommunalt oppgåvefelleskap (KO) etter ny kommunelov § 19.
- Samarbeidsavtale for Sekretariatet for kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdal kommunalt oppgåvefelleskap (SKNG) er vedteke slik den føreligg og erstattar noværande vedtekter for SKNG.

Sekretariatet har ein 100 % stillingsheimel. Hilde Holden er tilsett som sekretær i 100 % stilling. Elin Marit Andgard har vore vikar for Holden i 80 % stilling i 2023.

Kontrollutvalgssekretariatet Innlandet har vore settesekretariat i sakene om forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Nord-Gudbrandsdal Renovasjon IKS.

Revisjonsordning

Kommunestyret velger selv revisor. (K § 24-1)

Kommune har valgt og er deleiar i Innlandet Revisjon IKS. Selskapsavtale er vedtatt av kommunestyret.

Innlandet revisjon IKS leverer revisjonsoppgåver etter lover og forskrifter om kommunal revisjon, og dette skjer til sjølkost. Dei er underlagt NKRFs kvalitetskontroll og deltek i NKRFs årlege landsomfattande prissamanlikning med andre revisjonsordningar i landet.

På vegne av kommunen inngår kontrollutvalet årleg oppdragsavtale med Innlandet Revisjon IKS.

Økonomi for kontroll og revisjon

Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommunelovens § 14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget. (F § 2)

Det er tre områder som skal være med i kontrollutvalets budsjett: Kontrollutvalets drift, utgifter til sekretariatsordninga (SKNG) og revisjonsutgifter (Innlandet Revisjon IKS).

Budsjett og ressursbruk 2023

Kontrollutvalet handsama sitt budsjett for 2023 i møte 29.11.22 og foreslo kr 1.094.119 som budsjetttramme for kontroll og revisjon i 2023.

	Utvalets forslag	Budsjett (end)	Ressursbruk
Kontrollutvalets drift	83.000 kr	63.000 kr	22.672 kr
Kontrollutvalssekretariat SKNG	120.319 kr	125.000 kr	157.241 kr
Innlandet Revisjon IKS	890.800 kr	891.000 kr	698.814 kr
Sum	1.094.119 kr	1.079.000 kr	878.727 kr

Ressursbruk for revisjonstenester vil variere frå kalenderår til kalenderår, særskild gjeld dette forvaltningsrevisjon og eigarkapskontroll. Dette kjem an på bestillingar frå kontrollutvalet, som skal basere sitt arbeid på risiko- og vesentlegvurdering.

Revisjonstenester	Oppdragsavtale	Ressursbruk 2023
Regnskapsrevisjon	465 timar	486 timar
Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll	236 timar	86 timar
Møter i kontrollutval og kommunestyre	20 timar	11 timar
Sum	721 timar	583 timar

Kostnadene for kontrollutvalssekretariatet SKNG var i 2023 kr 1.083 254.

50 % av kostnadene er fordelt med 1/6 på kvar kommune og 50 % av kostnadane blir fordelt etter folketalet.

Budsjett-2024 for kontroll og tilsyn

Kontrollutvalet handsama budsjett-2024 i møte 9. oktober 2023 og foreslo kr 1.390.425 som budsjetttramme for kontrollarbeidet i kommunen i 2024.

	Utvalets forslag	Vedtatt budsjett
Kontrollutvalets drift	84.000 kr	52.032 kr
Kontrollutvalssekretariat	160.800 kr	125.000 kr
Revisjon	1.145.625 kr	891.000 kr
Sum	1.390.425 kr	1.068.032 kr

Kontrollutvalets aktivitet

Kontrollutvalets oppgaver

Kontrollutvalet utfører sitt ansvar etter kommuneloven § 23:

Kontrollutvalget skal påse at

- a. kommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b. det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*
- c. det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens virksomhet, og av selskaper kommunen har eierinteresser i*
- d. det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)*
- e. vedtak som kommunestyret treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.*

samt Forskrift om kontrollutvalg og revisjon.


Kontrollutvalget kan kreve at kommunen legger fram enhver opplysning, redegjørelse eller dokument som utvalget finner nødvendig for å utføre sine oppgaver.

Kontrollutvalget kan også foreta undersøkelser som det mener er nødvendige. (K § 23-2)

Kontrollutvalet kan kreve opplysninger som er naudsynte for å gjennomføre kontroll med interkommunale selskaper, kommunale oppgavefellesskap o.l. (jf. K § 23-6)

I prinsippet kan kontrollutvalet ta opp eit kvart tilhøve ved kommunen si verksemd, så lenge det kan definerast som kontrollarbeid.

Kontrollutvalet påsjå-ansvar



Kontrollutvalets "verktøykasse"

Figuren under gjev eit bilde av kva verktøy kontrollutvalet har for å ivareta sitt ansvar og rapportering av kontrollutvalets aktivitet fylgjer denne "handlingstrappa".



Orienteringar

Som eit ledd i kontrollutvalets tilsyn med forvaltninga ber kontrollutvalet om orienteringar om ulike tema frå kommuneadministrasjonen og andre. Dette er viktig for at kontrollutvalet skal ha kjennskap til kommunen og ha god forståing av risikobildet i kommunen og er ein del av kontrollutvalets løpande kontrollansvar.

Kontrollutvalget har i 2023 fått fylgjande orienteringar:

1. Informasjon til innbyggerane (strategi, rutiner og kanalar), 2. mai ved avdelingsleiar servicetorg og informasjon
2. Status flyktnings situasjonen i Lom, 2. mai ved kommunalsjef helse og oppvekst
3. Fastlege-situasjon, 2. mai ved kommunalsjef helse og oppvekst
4. Status for arbeid med felles helsestasjon med Skjåk, 2. mai ved kommunalsjef helse og oppvekst
5. Status/oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport om NGLMS, fellesmøte 6K 16. juni ved kommunedirektør og kommunalsjef helse og omsorg, både Sel kommune
6. Beredskapsøvelse i Lesja og Dovre inkl. bortfall av IKT, fellesmøte 6K 16. juni ved brannsjef i Lesja og Dovre
7. Risikovurdering og utfordringar, 9. oktober ved kommunedirektør, kommunalsjef samfunnsutvikling og kultur og kommunalsjef helse og oppvekst.

Kontrollutvalet vil takke for grundige og nyttige orienteringar!

Fylgje opp tilsyn

Kommuneloven har gjeve Statsforvalteren ansvar for å samordne dei statlege tilsynsaktørane og samordne statlege tilsyn med den kommunale eigenkontrollen (forvaltningsrevisjoner). Frå og med 2020 legg statlege tilsynsetater ut planlagte og gjennomførte tilsyn i ein felles nasjonal tilsynskalender og kontrollutvalssekretariatet legg inn bestillinger på forvaltningsrevisjon og rapporter i same kalender.

Utvalet har i 2023 fått orientering om fylgjande tilsyn:

- Ingen.

Utvalet ynskjer å være orientert om statlege tilsyn og tilsynsrapportar og vil be kommunedirektøren om å etablere rutiner for å sikre dette.

Kontrollutvalet syner også til Kommuneloven § 25 om kommunedirektørens årlege rapportering til kommunestyret om internkontroll og resultat frå statleg tilsyn.

Verksemdsbesøk

Formålet med verksemdsbesøk er å gjere seg kjent med og skaffe seg kunnskap om korleis kommunal verksemd blir drive.

Kontrollutvalet har ikkje gjennomført slike besøk i 2023.

Henvendingar

Kontrollutvalget har ikkje plikt til å handsame andre saker enn dei som fylgjer av lov og forskrift og det kommunestyret ber om. Når det gjeld henvendingar frå andre enn kommunestyret eller revisjonen, må kontrollutvalet sjølve vurdere om saken høyrer under utvalets ansvar- og kompetanseområde og om det vil prioritere saken ut frå ei risiko- og vesentlegvurdering.

Kontrollutvalget har ikkje motteke nokon henvending frå andre i 2023.

Regnskapsrevisjon

Forskriftens § 3 presiserer kontrollutvalets oppgåver ved regnskapsrevisjon i tillegg til kommunelovens § 23.

Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a. kommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b. regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor*
- c. regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.*

Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet innstiller til vedtak.

Kontrollutvalget skal påse at regnskapsrevisorens påpekinger etter kommuneloven § 24-7 til § 24-9 blir rettet eller fulgt opp. Hvis påpekingene ikke blir rettet eller fulgt opp, skal kontrollutvalget rapportere det til kommunestyret.

Kontrollutvalet handsama kommunens årsrekneskap og årsmelding 2. mai, sak 9/23. Kommunedirektør og økonomisjef presenterte årsrekneskap og årsmelding. Revisor orienterte om revisjonsarbeidet og revisjonsmeldinga. Innlandet Revisjon IKS har gjeve revisjonsberetning utan førehald innan fristen. Det er ikkje nummererte brev eller andre merknader frå revisor.

Utvalets uttale til årsregnskapet vart oversendt kommunestyret med kopi til formannskapet. Utvalet konkluderer med:

"Kontrollutvalet er ikkje kjent med høve som kan få noko å seie for kommunestyret sin handsaming av årsrekneskap og årsmelding. På grunnlag av kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar, tilrår kontrollutvalet at årsrekneskap og årsmelding for Lom kommune blir godkjente slik dei ligg føre."

Utvalets uttale til årsrekneskapen og revisjonsberetning vart lagt fram for kommunestyret ved handsaming av årsregnskap den 2.5.2023.

Forenkla etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen

Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak. (K § 23-2).

Innlandet Revisjon IKS har utført attestasjonsoppdrag i samband med kommunens etterleving av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltninga på fylgjande område: Kontroll av etterlevelse offentlige anskaffelser - lojalitet til rammeavtaler.

Revisors konklusjon:

"Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at Lom kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd bestemmelsene i de interne rutinene som gjelder for offentlige anskaffelser i forhold til lojalitet til rammeavtaler."

Revisjonen har utført forenkla etterlevelseskroll med økonomiforvaltningen i samsvar med kommuneloven. Attestasjonen er gjeven innan fristen.

Oppfølging av revisjonen

I løpet av året har kontrollutvalet fulgt opp sine oppgaver (jamfør F § 3) med å påsjå at kommunen har ein forsvarleg revisjonsordning og at kommunens årsregnskap blir revidert på ein trygg måte på fylgjande måte:

- Gjennomgang av tertialvis rapportering frå revisjonen
- Gjennomgang av revisjonsstrategi for regnskapsrevisjonen
- Løpande dialog med revisjonen der det blant anna blir sett søkeljos på om revisjonsarbeidet går føre seg i samsvar med lov, forskrifter, god kommunal revisjonsskikk og avtale med revisor
- Påser at oppdragsansvarleg revisor oppfyller lovbestemte krav til kvalifikasjonar (regnskapsrevisjon) og krav til uavhengigheit og objektivitet.

Utvalet har gjennom året fått orienteringer frå Innlandet Revisjon IKS. Dette handlar i hovudsak om utvalets tilsynsrolle overfor revisjonen og blir ikkje nærare omtala her.

Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Etter kommuneloven § 23-3 og § 23-4, skal kontrollutvalet minst ein gong i valperioda og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide ein plan som syner på kva områder det skal gjennomførast forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Planen skal baserast på ein risiko- og vesentlegvurdering og planen skal vedtakast av kommunestyret.

Tema	Når	Status
Helsetenester NGLMS	2021	Revisjonsrapport levert 20.5.22
Barnevern	2022	Utsatt pga. lov- og systemendringar
Datasikkerheit	2023	Foranalyse og prosjektplan ferdig i 23

Det var ikkje vedteke nokon plan for eigarskapskontroll for perioda.

Forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak. (K § 23-3)

Forvaltningsrapport nr. 8-2022 - Forvaltningsrevisjon Helsesamarbeid NGLMS

Rapporten var ferdig 22.5.2022 og presentert for kontrollutvalet i juni-2022.

Utvalet fatta fylgjande vedtak 10. februar 2023:

1. Kontrollutvalget tar forvaltningsrevisjonsrapporten Helsesamarbeid NGLMS til orientering.
2. Kontrollutvalget oversender forvaltningsrevisjonsrapporten til kommunestyret med følgende innstilling:

- Kommunestyret tar forvaltningsrevisjonsrapporten Helsesamarbeid NGLMS til orientering, og merker seg de viktige forbedringspunktene revisjonen har avdekket.
- Kommunestyret forventer at kommunedirektør følger opp de anbefalingene i rapporten som gjelder kommunen.
- Kommunestyret ber kommunedirektør om å gi kontrollutvalget en skriftlig tilbakemelding på hvordan anbefalingene er fulgt opp eller planlagt å følge opp, innen to måneder etter kommunestyrets behandling.

Revisjonsrapporten har vore handsama i kommunestyret, og kommunestyret har slutta seg til kontrollutvalets innstilling.

Kommunedirektøren i Sel har på vegne av 6K gjeve skriftleg attandemelding til kontrollutvalet.

I etterkant av forvaltningsrevisjonen har kommunene i 6K i fellesskap utarbeida "Viljeserklæring og håndbok for interkommunalt samarbeid" som er vedteke av kommunestyret i 2023.

Kontrollutvalet ynskjer å trekkje fram at forvaltningsrevisjonen har bidratt til læring og forbetring, ikkje berre innanfor den verksemda som revisjonen var utført i, men for alle interkommunale samarbeid.

Igangsette forvaltningsrevisjonar

Kontrollutvalet har på bakgrunn av risiko- og vesentlegvurdering og innspel frå revisjonen, fått utarbeida foranalyse og prosjektplan i 2023 og deretter tinga:

- Forvaltningsrevisjon: Overordna styring av informasjonstryggleiken i kommunen
- Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Nord-Gudbrandsdal Renovasjon IKS

Rapportane vil være klare i 2024.

Eigarskapskontroll

Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring. (K § 23-4)

Det er igangsatt eigarskapskontroll av kommunens eigarskap i Nord-Gudbrandsdal Renovasjon IKS. Rapport er forventa levert tidleg haust 2024.

Oppfølging av revisjonsvedtak

Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets vedtak om regnskapsrevisjoner, forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller blir fulgt opp og skal rapportere til kommunestyret om vedtaket er fulgt opp. (F § 5)

Utvalet vil på eit seinare tidspunkt be om orientering om dei tiltak som er iverksett etter forvaltningsrevisjonen av NGLMS og om dette har bidrege til ynskja resultat.

Oppfølging av politiske vedtak

Kontrollutvalet har ikkje gjort noko konkret handsaming av korvidt kommunestyrets sine vedtak er gjennomført utover det som er nevnt om regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjonar.

Høyring

Kontrollutvalet har ikkje sett nokon grunn til å gjennomføre nokon høyring.

Lom, 26. februar 2024

Marit Sletten
leiar

Terje Odde
nestleiar

Tove Johanne Stamstad

Kristine Flittie Romslo
Kristine Flittie Romslo

Øystein Skarseth